

For å auke kontinuitet i styrearbeidet fra år til år ynskjer FAU fleire representantar som står meir en eit år. FAU ønskjer vidare at ordninga med vara representantar til styreverva utgår ved å innlemme desse i styret som fullverdige medlemmer, med stemme. Antall styremedlemmer, inkludert vara, forblir det samme (12 personer).

Endringane beskrivne krevjer 2/3 fleirtal av frammøtte på årsmøtet

Foreslåtte endringar i «Retningslinjer for foreldrearbeidet ved Bremnes ungdomsskule» er illustrert ved:

Rød farge: Tekst som fell ut

Blå farge: Tekst lagt til

---

## RETNINGSLINJER FOR FORELDREARBEIDET VED BREMNES UNGDOMSSKULE

Desse retningslinjene er vedtekne i foreldrerådet ved Bremnes Ungdomsskule 10. Nov.2015.

### FAU (Foreldrerådet sitt arbeidsutval)

1. Tre fire representantar frå kvart klassetrinn utgjer FAU.  
Det skal veljast ein vararepresentant frå kvart klassetrinn. Vararepresentanten kan også møta i FAU for andre trinn.
2. FAU konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar, kasserar og sekretær. Ein vel også ein representant knytt opp til elevrådsarbeidet og ein representant til Bømlo Kommunale Foreldreutval (KFU), om dette er etablert i kommunen. Desse vert valde for eitt år om gongen. Ein frå kvart trinn er kontaktperson for klassekontaktane på trinnet. FAU finn kandidatar til revisor som vert vald på årsmøte for eitt år om gongen.
3. FAU disponerer egne midlar som vert samla inn gjennom felles tiltak og arrangement. FAU fører rekneskap for midlar til eigen disposisjon. Rekneskapsåret er frå 01.08 til 31.07.
4. Leiar og nestleiar i FAU representerer foreldrerådet ved Bremnes Ungdomsskule i Samarbeidsutvalet (SU) ved Bremnes Ungdomsskule. Desse representantane skal ha personleg vara representant (opplæringsloven § 11-4)
5. FAU har fylgjande hovudoppgåver:
  - a. Arbeida for eit godt miljø ved Bremnes Ungdomsskule i henhold til opplæringslova § 11.4.
  - b. Vera bindeledd mellom skulen si leiing, elevrådet og foreldra.
  - c. Gjennom til dømes tema-møter gje foreldra informasjon om ungdommen sine oppvekstvilkår og gjennom det gje foreldra råd og hjelp.

- d. Vera til hjelp for elevrådet når dei treng foreldremedverknad.
- e. I samarbeid med skulen å arrangera felles miljøtiltak for elevane ved skulen.
- f. Så langt råd er, handsama saker som skal opp i Samarbeidsutvalet
- g. Gje økonomisk støtte til felles miljøtiltak for elevane ved skulen eller spesielle tiltak som elevar eller foreldre søker om, så langt økonomien tillet det.
- h. Vera behjelpelig til at foreldra sine rettar når det gjeld brukarmedverknad vert fylgde, i henhold til gjeldande vedtekter og retningslinjer.
- i. FAU kan bistå komande 8. klassar i deira val av FAU-representantar og klassekontaktar.
- j. FAU bør ein gong i semesteret ha gjensidig info-møte med foreldrekontaktane.
- k. FAU kan førebu saker til klasseforeldremøter.
- l. FAU kan om ynskjeleg setja ned prosjektgrupper som skal arbeida med forskjellige spørsmål og eventuelle miljøtiltak. Desse gruppene kan med fordel vera samansette av andre enn FAU sine medlemmer.

(Endra på årsmøtet for foreldrerådet ved Bremnes ungdomsskule **10. Nov.2015.**)

### **Klasseforeldremøte / Foreldrekontaktar**

Klasseforeldremøtet er eit møte for foreldre til borna i ein klasse. Klasseforeldremøte, utanom den i FAU vedtekne møteplanen, kan kallast inn av foreldrekontaktane, eller når nokon av foreldra, FAU eller kontaktlærer ber om det.

Klasseforeldremøte vel 2 foreldrekontaktar med vararepresentantar for kvart trinn og FAU-kontaktar.

Det skal haldast val for neste skuleår seinast på siste klasseforeldremøtet før ferien for 8. og 9. trinnet (innan utgangen av mai). For 8. trinnet skal det haldast val på 1. foreldremøtet på hausten. Anbefalast å halda val for alle tre åra på 8. trinnet.

Foreldrekontaktane og varakontaktane vert i utgangspunktet valde for eitt år.

Foreldrekontaktane skal ha fylgjande oppgåver:

- vera bindeledd mellom foreldre og kontaktlærer/skulen i ein klasse.
- samarbeida med lærar om klassemiljø og klassemiljøtiltak
- saman med lærar planleggje miljøtiltak for skuleåret (sosialplan).
- Foreldrekontaktane på 10. trinnet skaffar vakter til 16.mai-arr. etter oppdrag frå FAU når dette er aktuelt.

Foreldrekontaktane må få informasjon frå skulen blant anna om:

- Vedtekter for foreldrerådet ved Bremnes Ungdomsskule
- Retningslinjer for foreldrearbeidet ved Bremnes Ungdomsskule
- Foreldrekontakt-liste
- Rammer for ekskursjonar
- Relevant informasjon som gjeld klassen og trinnet.
- Informasjon skal overleverast frå årets foreldrekontaktar til neste års foreldrekontaktar i mappe; elektronisk eller i papirform.

## Trinn- foreldremøte:

Trinnforeldremøte er et møte for alle foreldre som har barn på same klassetrinn.

Klassane på kvart trinn, eller 8. trinnet for alle tre åra, skal velja tre representantar til FAU **saman med ein vararepresentant**. Det bør ikkje vera nokon av foreldrekontaktane som vert FAU -medlemer. Det er utarbeidd eigen skjemaoversikt over klassevis fordeling av FAU representantane (**Vedlegg 1**).

FAU representantane vert valde slik for å få kontinuitet i arbeidet:

8. trinn vel: To (2) representantar for eit (1) år  
**ein (1) representant for to (2) år** **to (2) representantar for to (2) år**  
**ein (1) vararepresentant for eit (1) år**
9. trinn vel: To (2) representantar for to (2) år  
**Ein (1) vararepresentant for eit (1) år**
10. trinn vel: **Ein (1) representant for eit (1) år.** **To (2) representantar for eit (1) år**  
**Ein (1) vararepresentant for eit (1) år.**

Trinnforeldremøtet skal som hovudregel ha fylgjande innhald:

- Informasjon frå lærarkollegiet på klassetrinnet om saker som er felles for klassetrinnet
- Drøfta saker som gjeld heile skulen eller det aktuelle klassetrinnet, t.d. skuletur/miljø, og saker som FAU, elevrådet eller skulen si leing ynskjer at foreldra samla skal uttala seg om.
- Orientering om fagplanar og lærarsituasjon.

## Møter, innkallingar og referat til FAU.

1. FAU skal før skuleårets slutt, i samråd med skulen, vedta møteplan for kommande haust for foreldrerådet, klasseforeldremøta, trinnforeldremøta og 1. møte for nytt FAU. Denne møteplanen skal sendast ut til alle foreldra før vårsemesteret er slutt. Også til foreldra i dei nye 8.klassane.
2. Innkalling til møte i FAU skal sendast ut seinast 1 veke på førehand. Innkallinga skal innehalda saksliste og naudsynte saksdokument, og sendast til faste FAU representantar, vararepresentantar og skulen si leing som informasjon. Det skal førast referat frå alle FAU-møter. Dei som er kalla inn, får tilsendt referat. Rektor skal alltid ha referat.
3. Skulen si leing og/eller kontaktlærarar har rett til å få lagt fram skriftleg uttale vedrørande saker på møtet. FAU kan be om at skulen si leing og/eller kontaktlærarar møter for å informera om saker.

4. Foreldrerådet har ei internettside under Bremnes Ungdomsskule. Her vert det lagd ut informasjon som gjeld foreldra sin brukarmedverknad. Denne inneheld mellom anna generell informasjon, referat frå møter etc. Skuleleiinga er ansvarleg for at informasjon vert lagt ut. Referat/rekneskap og liknande, skal FAU taka vare på i minst 10 år.